

# Kom heim

## Forspel:

|Hm|Em|A|Dmaj7|Gmaj7|Em7|A|

*D* *A* *G* *D*

1 Det finst ein stad der eg høyrer til.

*A* *G*

Ein blåne stig i mot aust.

*D* *A* *G* *D*

Eg kjenner varmen frå den eg var.

*A7* *F#*

Lengt gjev farge til haust.

## Mellomspel (som forspel)

*D* *A*

2 Eg ynskte meg dagar

*G* *D*

med regnbogeglans,

*A* *G*

eg freista å finne fred.

*D* *A* *G* *D*

Men eg sleppte taket då båra brast,

*A7* *F#*

ber krune av klungertre.

---

## Refreng:

*Hm* *Em*

Kom heim, kom heim.

*A* *Dmaj7*

Eit pust som stryk over fjord og fjell.

*Gmaj7* – *Em7* – *A*

Kom heim.

*Hm* *Em*

Kom heim, kom heim.

*A* *Dmaj7*

Natt breier vengjer, men ljuset held.

*Gmaj7* – *Em* – *A*

Kom heim.

---

*D* *A*

3 Eg drøymde om livd langs

*G* *D*

leia eg gjekk.

*A* *G*

Om somrar som aldri kom.

*D* *A* *G* *D*

Om nokon som held si hand over meg.

*A7* *F#*

Frostjord byr vinterkorsblom.

## Mellomspel (som forspel)

*D* *A* *G* *D*

4 Eg ser åra som strøymde forbi,

*A* *G*

ein blindfarar i eige liv.

*D* *A* *G* *D*

Kvar eg missa og kvar eg slo brist.

*A7* *F#*

Er berre dropen som driv.

## Refreng

*D* *A* *G* *D*

5 Men eg har elska så himmel vart hav.

*A* *G*

Ei verd av kjærlege tegn.

*D* *A* *G* *D*

Sørgjeband knytte i brueslør.

*A7* *F#*

Eg finn deg i stille regn.

## Refreng

## Mellomspel (som forspel)